



Byggjenemnda v/John Bauge, Torill Helland og Martin Soltveit

Referansar:

Dykkar:

Vår: 15/142 - 16/12418

Saksbehandlar:

Tore Rikstad

tore.rikstad@radoy.kommune.no

Dato:

27.09.2016

## Byggjenemnda - revidering av hovudplan for vatn og avløp - referat frå møte 27.09.16

Desse møtte.

Frå byggjenemnda: John Bauge, Torill Helland, Martin Soltveit og Henning Haugland

Frå administrasjonen: Einar Færø og Tore Rikstad

Saker:

### Revidering av hovudplan for vatn:

Etter tidlegare vedtak i byggjenemnda vart hovudplanane for vatn og avløp 2016-2020 ovesesendt Hovudutval for plan, landbruk og teknisk med framlegg til vedtak om å leggja planane ut på høyring og offentleg ettersyn slik dei låg føre. I møtet i Hovudvalet sak 069/2016 vart det fatta følgjande vedtak:

*«Framlegg til kommunedelplan for vassforsyning 2016-2020 for Radøy kommune vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn slik den ligg føre.*

*Hovudutvalet ber byggjenemnda vurdere å ta strekninga Vetås-Haukeland-Storheim inn i hovudplanen som nytt utbyggingstiltak innan 2020».*

Vedtak:

Byggjenemnda tilrår at strekninga Vetås-Haukeland-Storheim blir tatt med som nytt utbyggingstiltak i 2019 med trase langs eksisterande Fylkesveg og at dette vert innarbeidd i handlings –og investeringsplanen og deretter lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.

Nye innspel i samband med revidering av Hovudplan for vatn:

I samband med planlegging av oppstart av den nye vegen over Radøy mellom Marås og Soltveit orienterte Einar om møter med Statens vegvesen der spørsmålet om det kunne leggjast ny

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

hovudvassleiding i veg/fortau på strekninga vart diskutert. Statens vegvesen og BKK såg positivt på dette både med omsyn til legging og kostnadsfordeling. Einar arbeider vidare med saka og dersom dette lar seg gjennomføra, vert dette lagt fram som ei eiga politisk sak sjølv om tiltaket ikkje ligg inne i revidert hovudplan.

#### **Kloakksanering-nytt reinseanlegg på Manger:**

Med bakgrunn i det vedtaket byggjenemnda sjølv har fatta og vedtaka FS og KS har fatta i saka, kom byggjenemnda med merknader om at grunneigar skulle blitt orientert om plasseringa ved Mangersnesvegen før saka kom opp til politisk handsaming. Administrasjonen sin kommentar på dette er at grunneigar sjølv sagt var blitt orientert i forkant av møta, men noko avtale om grunnavståing er ikkje vanleg å ha på plass på dette stadiet i prosessen. Dette er også gjort i liknande tilfeller i andre saker under revidering av hovudplanane for vatn og avløp – t.d.høgdebassenget i Haukåsen- som byggjenemnda har handsama der administrasjonen har orientert om grunneigarar som ikkje ønskjer tiltak på seg.

Vedtak:

Alternativet som no stor att er plassering av reinseanlegget på kaiområdet, fortrinnsvis ved fryselageret. Byggjenemnda er opptatt av å få avklart grunnavståinga og omfanget av den med grunneigar snarast slik ar prosjekteringsarbeida kan starta. Einar og Tore legg saka fram for rådmannen.

#### **Nye gardar Manger skule-orientering:**

Saka er handsama i FS og KS. Administrasjonen har no avklaringsmøter med entreprenør med sikte på kontrakt og oppstart i år og ferdigstilling til våren. Utfordringar ved eventuell riving av scene og sceneveggar. Entreprenør arbeider med å få avklart konstruksjonsmessige forhold rundt rivinga og kostnader med dette.

Med helsing

Tore Rikstad

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jon Askeland, Henning Haugland,  
Ingvill taule, Edgar Grindheim,  
Lisbeth Alvær, Einar Færø

**Mottakarar:**

Byggjenemnda v/John Bauge, Torill  
Helland og Martin Soltveit